Meld deg inn på målungdom.no eller send NMU + namn, adresse, fødselsår og e-post til 2090 (50 kr)

Eg kjenner ein som bytte frå nynorsk til bokmål då han begynte på vidaregåande. I dag er han einsam, ugift, arbeidslaus, alkoholisert og ute av stand til å gjere greie for seg. Dessutan ser han ikkje ut. Luktar gjer han også.

Alle eg kjenner som heldt på nynorsken då dei begynte på vidaregåande, har i dag interessante og godt betalte jobbar, mange gode vennar og ekstremt stimulernade kjærleiksliv. Dessutan ser dei veldig bra ut, alle som ein.
Fine tenner har dei også.

Eg berre nemner det.
Are Kalvø



Har du hatt nynorsk som hovudmål? Din heldiggris!
I motsetnad til dei som berre har lært bokmål, er du tospråkleg og har mange fordelar.

Vi bruker språket til å uttrykkje kvar vi kjem frå og kven vi er, og for mange er nynorsk ein viktig del av identiteten. Er nynorsk ein del av identiteten din?

Kvifor nynorsk?

- Nynorsken knyter dei norske dialektene saman til ein skriftleg fellesskap.
- Nynorsken er bygd på demokratiske prinsipp, fordi han byggjer på alle dialektene i landet, ikkje berre oslodialekta.
- Nynorsken er den beste beraren av den lokale og kulturelle identiteten vår.
- Det munnlege og klåre stilidealet gjer nynorsken enkel å forstå og enkel å bruke.

Språklege rettar:

Du har rett til å velje hovudmål på vidaregåande skule. Viss du vel å ha nynorsk som hovudmål, har du lovfesta rett til at skulen skal gje deg

- alle lærebøkene dine på nynorsk til skulestart
- eksamen på nynorsk

Viss skulen ikkje gjev deg det du har rett på, bør du klage til oss.

Du kan lese meir om rettane dine og korleis du kan klage på
målungdom.no/nynorsk/spraklege-rettar/

Meld deg inn i Norsk Målungdom!

Nynorsk er det beste språket med dei dårlegaste vilkåra. For å gje nynorsken betre vilkår treng vi sterke organisasjonar, med både aktive medlemmar og støttemedlemmar, uavhengig av om dei skriv nynorsk eller bokmål.

Ved å melde deg inn i Norsk Målungdom bidreg du til

- at nynorskbrukarar får bruke og møte språket sitt i kvardagen
- at alle skal få bruke dialekta si der ein vil
- at kvensk, dei samiske språka og andre minoritetsspråk skal få støtta dei treng

Sumarleir

Vinterleir